

Sv: Miljøloftet - orientering om prioritert rekkefølgje av prosjekt



Ola Viken Stalund <ola.viken.stalund@alver.kommune.no>
Til Kari Gåsemyr
 Kopi Kristin Nåmdal; Jarle Landås; Arne Eikefet

Svar Svar til alle Videresend

tor. 27.03.2025 13:

Følg opp. Starter fredag 28. mars 2025. Forfaller fredag 28. mars 2025.

Du svarte på meldingen 27.03.2025 14:32.

Hvis det er problemer med hvordan denne meldingen vises, kan du klikke her for å vise den i en nettleser.

Alver kommune viser til notat mottatt 21.03.2025, med forslag til prioritert rekkefølgje av vedtekne prosjekt på post 30 til 66.

Prosjekta som finansierast gjennom Miljøloftet er viktige bidrag til enklare, tryggare og meir berekraftig mobilitet for innbyggjarane i de ulike kommunane i samarbeidet. Arbeidet med prosjekta som spelast inn til Miljøloftet sitt handlingsprogram er ressurskrevjande, men har høg prioritet for Alver kommune. Det leggast også ned stor innsats på fleire nivå for å bli einige om innhaldet i årleg rullering av handlingsprogrammet, som vedtakast lokalt av partane.

Alver kommune set difor stor pris på at sekretariatet ønskjer å sikre transparens med omsyn til kva kriterium som blir nytta for prioritering, og dermed kva prosjekt som vil bli prioritert først, dersom tildelinga over statsbudsjettet ikke blir tilstrekkeleg til å kunne starte opp alle prioriterte prosjekt i 2026.

Det gjer det lokale arbeidet med Miljøloftet, og lokale prioriteringar meir føreseieleg.

Alver kommune har gjort ei vurdering av kriteria sekretariatet har lagt fram, og meiner desse gjev god balanse mellom omsynet til måloppnåing og tidlegare bevillingar. Men me er samtidig uroa for at dette kan føre til at oppstart og gjennomføring av våre to anleggsklare og prioriterte prosjekt her i Alver kan verta utsett i tid endå ein gong. I det vidare arbeidet bør det vere aktuelt å sjå nærmare på ei meir nyansert vurdering av modningsgrad som grunnlag for prioritering.

Styringsgruppa har fått relativt kort frist til å vurdere forslaget frå sekretariatet. Alver kommune ser difor fram til vidare arbeid med korleis prioriteringa skal løysast i framtida.

Beste helsing

Ola Viken Stalund | Rådgjevar Samfunnsutvikling - Miljøloftet

E-post: ola.viken.stalund@alver.kommune.no | Telefon: +47 97 14 20 17